

NotatDato: 15.07.2014
Arkivsak: 2014/862-11
Saksbehandlar: sigset1

Til: Torbjørn Mjelstad

Frå: Signe Sætre**Plan for korleis vi kan forbetre statistikkgrunnlaget i høve til ikkje bestått fag-
/sveineprøve****Bakgrunn**

Fylkestinget bad i møte 10.-11.12.2013, sak 87/13 fylkesrådmannen om å syte for følgjande:

- Prioritere å utarbeide oversikter over bedrifter med mange hevingssaker, og å ha ei aktiv oppfølging av desse.

Bakgrunnen for vedtaket er forvaltningsrevisjonsrapporten «Fagopplæring i Hordaland fylkeskommune». Fylkesrådmannen har laga ei handlingsplan (sak 2014/862) som svar på bestilling. Handlingplanen seier følgjande om det ovannemnte tiltaket:

6	<i>Prioritere å utarbeide oversikter over bedrifter med mange hevingssaker, og å ha ei aktiv oppfølging av desse</i>	Sjå i samanheng med punktet over Lage plan for arbeidet innan 31.5.2014 Avklare ressurs-tilgang for bedrifts-besøk innan 30.6.14	<ul style="list-style-type: none">• Forbetre statistikkgrunnlaget og finne dei reelle årsakene til hevingar og stryk så langt råd.• Prioritere oppfølging av bedrifter med mange hevingar, tydelege «problemhevingar» og bedrifter med mange stryk.• Informasjon til lærlingar og bedrifter	Fylkesdir. opplæring
---	--	--	--	----------------------

Plan for forbetring av statistikkgrunnlaget for stryk

Oppsummering:

- Registrering av årsaker til stryk
- Statistikk og registrering
- Oppfølging

Registrering av årsaker til stryk

Slik systemet er nå, har vi ingen registrering av årsaken til at en kandidat ikkje består fag- / sveineprøven. Vi får vurderinga som prøvenemnda har gjort etter at prøven er gjennomført, og det kan være vanskeleg å trekke ut ein enkelt årsak.

Det kan likevel være mogeleg å ha nokon hovudårsaker:

1. Kandidaten møtte ikkje til prøven

Årsaker kan være:

- sjukdom som det ikkje er gitt beskjed om ved prøvestart
- uventa hendingar på vei til prøven (trafikk osv.)
- prøvenemnda eller bedrifta har ikkje gitt tydelig nok informasjon om prøvested/-tidspunkt.
- kandidaten ønskjer ikkje å avlegge prøven, men har ikkje gitt beskjed om dette på førehand

2. Kandidaten ble ikkje ferdig med prøven innan fristen

Årsaker kan være:

- kandidaten har fått ein for omfattande oppgåve
- kandidaten var stressa og jobba ikkje så systematisk som vanleg
- utstyr/lokalar var ikkje godt nok tilrettelagt
- uventa hendingar under prøven

3. Kandidaten nådde ikkje kompetansemåla

Årsaker kan være:

- kandidaten var stressa og nervøs
- kandidaten har ikkje fått god nok opplæring i lærebedrifta
- utstyr/lokalar var ikkje godt nok tilrettelagt

Det enklaste er om det kan leggst inn nye felt i prøvebildet i Vigo, der vi kan registrere årsakene til stryk. Vi må lage rutinar rundt registreringa, skal prøvenemndene krysse av for «hovudårsak» til stryk, eller skal vi lese oss til det i den dokumentasjonen som ligg føre frå nemnda?

Statistikk og registrering

Vi må ta stilling til kva statistikkane skal brukast til og kor detaljerte dei skal være. Statistikkar kan f.eks. tas ut ein gang i året eller oftare dersom vi ser at det er behov for det.

Oppfølging etter statistikk

Statistikkane må være så detaljerte at vi kan sjå kor vi skal følgje opp, ligger problemet hos lærebedrift, hos lærling eller hos prøvenemnd?